

# Då perlefangsten i Håelva var kongeleg privilegium

LISABET RISA

Denne artikkelen fortel om korleis dei dansk-norske kongane tok kontrollen over perlefangsten i norske elver på 1600-talet, og korleis fangsten etter kvart vart eit privilegium knytta til dei dansk-norske dronningane. Håelva spela ei sentral rolle her som ei av dei beste perleelvene i landet.

Under den lange styringstida til Kong Christian IV (1588-1648) vart naturrikdomane i Noreg oppdaga for alvor. Styresmaktene nede i København kunne slå fast at det ikkje berre var gode skatteinntekter og soldat-emne å henta frå Noreg. Det fanst også ulike mineraltypar i fjellgrunnen og store tømmerkogar i landet. Styresmaktene trudde at Noreg var fullt av slike rikdomar og sette i gang eit stort apparat for å utnytte slike naturkjelder. Gruvedrift med produksjon av sølv, jern og koparmalm kom i gang for alvor i styringstida til Christian IV, like eins eksport av tømmer, særleg frå dei nye sørlandsbyane. Trelasteksporten frå Noreg førte til gode tollinntekter i København. Havarerte skip og vrakgods elles som dreiv inn til lands, var rekna som Kongen sin eigedom. Inntektene frå skips- og vrakauksjonar gjekk nemleg til statskassen. Finnarane eller grunneigarane fekk berre ein liten kompensasjon.

Streng straffer, til og med dødsstraff, venta dei som forsynte seg av Kongen sine eigedomar, enten det no var malm eller vrakgods.

Også i Rogaland fanst det ulike naturrikdomar. Ryfylke hadde ofte besøk av hollandske, engelske og skotske tømmerkutere og hummarbysser under styringstida til Christian IV og seinare. Nedstrand var faktisk eigen tollstad for Ryfylke i åra 1670-1686. Perlefangsten i elvene på Jæren stod i ei eiga stilling. Medan Kongen eller den dansk-norske staten fekk tollinntekter frå tømmer- og hummareksporten, ville Kongen med perlefangsten utnytte ei spesiell naturkjelde til meir personleg vinning. Hoffet hadde nemleg behov for store mengder perler til utsmykking av både manns- og kvinneklede og til smykke. Sal av perler kunne dessutan gje gode inntekter til Kongen. Dette var bakgrunnen for at Kongen engasjerte seg i perlefangsten <sup>(1)</sup>.

## Når oppdaga jærbuane perler i muslingane?

Naturperler som ferskvass- eller elveperler, eller som havperler frå Østen (orientalske perler) var kjende og verdsette også for fleire tusen år sidan. Dei gamle

egyptarane brukte perler til smykke (jamfør den store perleøyredobben til Kleopatra). Bibelen omtalar fleire stader perler i positive vendingar.

Avhandlinga (på latin) til biskop Olaus Magnus frå 1551, er det eldste nordiske historieverket. Der finst eit eige kapittel om elveperlene; *Om parlor och hur de alstras* (i den svenske utgåva, *Historia om de nordiska folken*). Kapitlet omhandlar likevel ikkje perlefangsten i Noreg som ei næring. Egersundaren og presten Peder Clausson Friis skreiv si historie om Noreg i 1613; *Norriges Beskriffuelse*. Heller ikkje han nemner perlefangsten, men under omtalen av prestegjelda på Jæren stoppar han opp ved Hå og Håvågen. Dette var ei lita hamn til jekter, og ei elv renn ut der, fortel han, vidare at det var eit "skjønt" laksefiske i denne elva. Kanskje visste ikkje jærbuen på 1500-talet og tidleg på 1600-talet at perlefangst kunne vore ei inntektskjelde for dei på same måten som laksefisket i elvene, fugle- og småviltfangst eller andre naturrikdomar på gardane.

Det har truleg "alltid" vore perlemuslingar eller perleskjel i vassdraga på Jæren. Men me kan spørja oss om jærbuane såg muslingane på elvebotnen når dei fiska laks og aure eller når dei fanga ål i elvene, og om dei brukte kjøtet i muslingane til mat. Det neste spørsmålet vert då: Når "oppdaga" jærbuen at det var perler i nokre av muslingane? Var det utanforståande som fortalde dei det, eller fann dei dette ut sjølv, og selde dei perler til framande oppkjøparar lenge før den kongeleg kontrollerte perlefangsten tok til i andre halvparten av 1600-talet? Dette veit me ikkje noko om i dag.

### **Også jærbuane pynta seg på 1600-talet**

Jærbuen brukte nok ikkje perlepyntet sjølv som smykke eller til pynt på kleda på 1600-talet. Men jærbuen hadde sjølvstekt også sine smykketypar både då og tidlegare. Til alle tider har folk pynta seg, og til alle tider har sosial rang og økonomisk status vist att i klede- og smykkebruken.

I arkivet etter sorenskrivaren i Jæren og Dalane går serien med rettsprotokollar (tingbøker) tilbake til 1613 og serien med dødsbuskifteprotokollar tilbake til 1662. Desse to protokollseriane har mange opplysningar om smykketypar i samband med rettssaker om tjuveri, pengelån, pant, strid om arvedeling med vidare, og i samband med registrering og deling av gjenstandane i dødsbu.

Folk på Jæren og i Dalane hadde smykke i sølv, men dette var brukssmykke som belte, beltespenner, skospenner, trøye knappar, halsring til skorta og maljer og kjede til snørelivet. Rettsprotokollane og skifteprotokollane frå 1600-talet og seinare inneheld mange eksempel på at folk hadde mykje av denne type brukssølv.

Forutan sølvsmykka pynta folk seg sjølv og heimane med fargerike klede og tekstilar. Tingbøkene på 1600-talet nemner ofte åkleda som pynta sengene og også hesteryggen når mange jærbuar var på kyrkjeferd eller på bytur. Statussymbola deira var med andre ord knytte til brukssølv og til fargerike åkle og drakter.

Med perler var det noko anna. Perler var jo ikkje bruksting, berre pynt. Dessutan kom det frå slutten av 1600-talet trugsmål om streng straff for dei som ikkje

selde dei perlene dei måtte finna, til Kongen og sidan til Dronninga. Perler var med andre ord ikkje noko ein rosa seg av å eiga. Det kunne vera farleg.

Me kan likevel spørja om i kva grad jærbuene tok etter dei velstående når det galdt motar og klede. Folk visste ikkje korleis klede til dei kongelege såg ut, men dei såg nok framande motar og draktypar når dei var i Stavanger. Dei lokale prestefamiliane kledde seg også annleis enn folk flest. Dødsbuskiftet etter presteparet Lind på Hå prestegard i 1668 vitnar om ein omfattande luksus når det gjeld både smykke og klede<sup>(2)</sup>. Men heller ikkje prestefolket eller medlemmar av andre embetsmannsfamiliar pynta seg med perler på 1600-talet. Bruk av perler vart ein særrett for kongefamilien og hoffet nede i København.

### **Bakgrunnen for den kongelege interessa**

Slik var bakteppet for den norske perlefangsten på 1600-talet: Det var eit stort behov i København for perler til utsmykking av kongelege klede og til kongelege smykke. Bevarte maleri av medlemmar av den dansk-norske kongefamilien viser at perler vart brukte til smykke og draktpynt gjennom heile 1600-talet. Både kvinner og menn hadde store, dråpeforma perler til øyrepynt, kvinnene dessutan perlehalsband og perler i håret. Dessutan hadde både kvinne- og mannskleda (også hanskar og hattar) påsydde perler.

Kong Christian IV sovna inn gamal og "mett av dage" i 1648, men også dessillusjonert sidan landet hans hadde fått store økonomiske problem på grunn av omfattande krigføring (1618-1648). Kongekruna hans

frå 1595, smykka med store elveperler, var pantsatt i Hamburg. Kongen fekk likevel mange perler med seg i sarkofagen sin. Maleriet av Kong Christian IV på likstrå viser nemleg at den døde kongen hadde på seg ei hue med kniplingkant, pynta med fleire hundre små perler<sup>(3)</sup>. Det er ikkje kjent i dag om perlene kom frå norske, svenske eller skotske elver, eller om dette var orientalske perler. Det fanst også store mengder elveperler i nordre delen av Russland. Så langt me veit, fanst det ikkje perlemuslingar i danske elver eller åer. Kongehuset måtte med andre ord kjøpa perler frå utlandet eller frå unionslandet Noreg.

### **Perlefangsten i det skriftlege kjeldematerialet**

Det eldste, til no kjende offentlege dokumentet som fortel om kongeleg interesse for perlefangst, kan daterast til 1637. Då skreiv kong Christian IV eit svarbrev til lensmannen (amtmanden frå 1660) over Agdesiden len. Lensmann Palle Rosenkrands hadde nemleg sent perler til Kongen og bede om råd kva han skulle gjera. Han hadde erfart at bøndene selde dei perlene dei kom over, til framande oppkjøparar. Kongen svarta at han ville Rosenkrands i staden skulle kjøpa perlene for han og senda dei til København<sup>(4)</sup>. Det gjekk med andre ord for seg handel med perler alt i 1630-åra. Desse perlene ville Christian IV ha kontrollen over.

Det er ikkje kjent kor mykje Kongen sjølv visste om perleelvene på Jæren i Stavanger len. Kong Christian IV viste elles stor interesse for Noreg og besøkte landet vårt om lag 30 gonger men var berre ein gong i Stavanger len. Dette var då han heldt Herredag



Det kjende Armadaportrettet frå 1588 hadde først og fremst ein dagsaktuell politisk budskap då det var ferdig. I dag er det eit symbolmetta historiemaleri som viser ein sigrande renessansefyrste, i dette tilfellet dronning Elizabeth I (1533- dronning frå 1548-1603) av England. Men maleriet er også ei god kjelde til drakt-, smykke- og sminkehistoria på 1500-talet. Desse tema høyrer saman og er interessante i vår samanheng. Kongehuset Tudor i England var storforbrukarar av perler. Dette viser bevarte maleri av både dronning Elizabeth, faren kong Henrik VIII og av andre medlemmar av kongehus og engelsk adel på 1500-talet. Det var eit umettande behov for perler til draktpynt, smykke og hårpynt elles. Perlene kom truleg frå elver i nordre delen av England og frå Skottland. Men dronning Elizabeth brukte, eller måtte også bruka kunstige perler, glasperler duppa i lim og fiskesjel. Perlemoten kom også til det danske hoffet mot slutten av 1500-talet, men i langt enklare former enn me ser her på dette maleriet.

Foto: Woburn Abbey, heimen til hertugen av Bedford (1974).

i Stavanger i 1607 <sup>(5)</sup>. Men Kongen var ikkje på Jæren då. Han kom frå Bergen og sigla heim til Danmark frå Stavanger.

"Historiens mørke" kviler over opphavet til den meir organiserte perlefangsten på Jæren. Dei bevarte arkiva etter dei som styrte i Rogaland på slutten av 1600-talet, har berre få dokument som omhandlar dette temaet <sup>(6)</sup>. På dette tidspunktet var perlefangsten både organisert og kontrollert av styresmaktene. Dei fleste skriva som omhandlar perlefangsten generelt, kom frå København og som oftast i form av offentlege rundskriv som kongelege sirkulære og forordningar. Dei styrande var nemleg opptekne av kva tiltak som måtte til for å hindra at folk selde perlene ulovleg til kjøpmenn i Stavanger eller til framande oppkjøparar. Dessutan var dei redde for at perlemuslingane skulle verta utrydda.

Rettsprotokollane i arkivet etter sorenskrivaren i Jæren og Dalane har nokre få opplysningar om perlefangsten. Den eldste innførsla skriv seg frå 1684. Då vart det sett opp oversyn over gardar på Jæren som dreiv med perlefangst, med andre ord eit kontrolltiltak frå styresmaktene <sup>(7)</sup>. Så langt me kan sjå av tingboks-materialet, er ikkje perlefangsten nemnd seinare før under hausttingsesjonen 1707 (sjå nedanom). Serien av rekneskapar som futen i Jæren og Dalane sende inn til det sentrale rekneskapskontoret i Christiania, og som i dag finst på Riksarkivet i Oslo, er bevart frå 1714 og framover. Desse futerekneskapane har spreidde opplysningar om årleg perlefangst frå skipreidene på Jæren.

### **Var Hå sentrum for perlefangsten i eldre tid?**

Det er grunn til å tru at Håelva og sokneprest Lind i Hå spela ei sentral rolle når det gjeld den lokale perlefangsten i første halvparten av 1600-talet. Ekteparet Christen Lauritsson Lind og Margrethe Pedersdotter Thrane bygde dei første prestegardshusa på Hå for private pengar, truleg før 1620 og søkte sidan om å få ha Hå til prestegard. Svarbrevet frå Kongen kom i 1637. Dette året fekk dei løyve til å nytta Hå som bustad så lenge dei levde.

Presteparet hadde kome til Bø prestegjeld (Hå) og til prestegarden på Bø kring 1610 men flytte ned til Hå før 1620 <sup>(8)</sup>. Det var truleg fleire grunnar som gjorde at dei heller ville bu nede ved sjøen, ved utlauget av Håelva. Hå var ein større og betre gard enn prestegarden på Bø, og han låg meir sentralt til i leia. Garden hadde dessutan store naturrikdomar som ikkje fanst på Bø. Det var laks og perlemuslingar i Håelva og laks og anna fisk i sjøen. Ja, kanskje var det den "nye næringa" med ulovleg fangst og sal av perler som lokka presten til Hå? Sikkert er det i alle fall at presteparet hadde nær tilknytning til den leiande kjøpmannsfamilien Godtzen i Stavanger. Ei av døtrene deira gifta seg nemleg med kjøpmann Jens Pederson Godtzen, byfogd i Stavanger frå 1641 og rådmann frå 1645.

Margrethe Hansdotter, den andre prestekona på Hå, hørde sjølv til ein velstående Stavanger-familie. Ho var gift med brorson til Christen Lauritsson Lind. Presten hadde eiga jekt i Håvågen. Han dreiv tydelegvis med handel sjølv om dette ikkje var lovleg med mindre ein hadde borgarskap i Stavanger. Presten han kanskje

både laks og perler i jekta si når han sigla til Stavanger. Dødsbuskiftet frå 1668 etter dette presteparet vitnar som nemnt om at det var stor velstand på Hå i deira tid.

### **Kongen stramar grepet om perlefangsten**

Det andre, kjende kongelege direktivet om perlefangst skriv seg frå 1665 og vart sent til presidenten i den nye byen Christiansand som Christian IV grunnla i 1641. Sonen, kong Fredrik III, bestemte då at det skulle tilsetjast ein perleinspektør som skulle ha oppsyn med alle perleelvane i Stavanger stift. Dette stiftet eller bispedømet var svært stort på den tida. Alle dei viktigaste perleelvane i Noreg fanst innafor grensene til Stavanger stift. Bøndene var plikta til å selja perlene sine til Kongen til ein låg pris. Dermed vart det frå 1665 slutt på fritt sal av perler. Kongen skulle ha førsterett til alle perler frå Noreg. Det skulle tilsetjast lokale perleinspektørar, og det var straffbart å driva ulovleg perlefangst.

Stillinga som perleinspektør var ettertrakta. Det var sjølvaste presidenten i Christiansand, Nils Pedersen, som vart tilsett som den første inspektøren i 1665. Etter han følgde ettermannen hans i presidentembetet i byen. Dermed vart direktivet fornya i 1671.

Kong Christian IV hadde som nemnt vore om lag 30 gonger i Noreg, sett i stand dei gamle festningane frå mellomalderen og grunnlagt både bergverk og fleire byar. Det låg i korta at Christiansand skulle overta den rolla mellomalderbyen Stavanger hadde spela tidlegare. Christiansand hadde festning, to elver som rann ut i havet ved sida av byen, god lastehamn for tømmer,



*Perlegarniture-settet på Rosenborg Slot viser mellom anna halskjedet med 19 uvanleg store perler. Dette er det eldste smykket mellom dei danske kronjuvelane. Perlene er frå 1600-talet og tilhørde dronning Charlotte Amalie, kona til Christian V, men opphavet til perlene er ikkje kjent i dag. Det finst fleire teoriar. Sjå note 12. Me kan stilla spørsmålet om dette var dei uvanleg store perlene Kongen fekk i gåve då han besøkte Noreg i 1685. På den andre sida skulle me tru ekspertane i dag kan slå fast om dette er perler frå elvemuslingar eller frå havmuslingar (orientalske perler).*

og byen låg nærare Østersjøen enn Stavanger.

Perlefangsten på Jæren og særleg Håelva vart ein del av drakampen mellom den nye "Christian IV-byen" Christiansand og mellomalderbyen Stavanger. Borgarane i Christiansand sende søknad til Kongen om at handelsområdet deira måtte strekkja seg like til og med Håelva i nord. Det kan sjå ut for at Håelva eller Nær-emselva som elva heitte før, var den viktigaste perleelva på Jæren, men dette hadde truleg samanheng med



*"Podlene fra Nærland i Vaagen, 25.7.1894", skreiv prestesonen John Landstad om dette fotografiet. Håvågen er ein historisk stad på Jæren. Etter 1641 vart Håvågen ei brikke i det handelspolitiske spelet mellom byane Kristiansand og Stavanger. Mang ei jekt lasta varer i Håvågen på 1600-talet, og det var truleg ofte ulovlege perler i lasta.*

*Foto: John Landstad. Fotoarkivet Hå folkebibliotek.*

prestegarden på Hå og dei som budde der. Då borgarane i Christiansand fleire gonger bad om å få overta alle byprivilegia til Stavanger, viste dei til at dei ville overta all rett til handel til og med Håelva <sup>(9)</sup>.

Mot slutten av 1600-talet kom det fleire brev og direktiv om perlefangsten i Noreg frå slottet i København. På denne tida var Hå prestegard og jærperlene velkjende for Kongen. Kartlegginga i 1684 av gardar

på Jæren som dreiv med perlefangst (sjå ovanom), skulle kanskje tena som bakgrunnsmateriale til kongebesøket i Noreg året etter, i 1685. Dessutan var kartlegginga truleg ein følge av det forslaget til ei kongeleg forordning om perlefangsten i Christiansand stift som stiftsamtmann Ludvig Rosenkrands i Christiansand sende til Dronninga 18. januar 1684 <sup>(10)</sup>. Dei kjende også kvarandre frå før. Kona hans hadde vore

ei av hoffdamene til Dronninga.

Kongen, Kong Christian V, reiste i alle fall over Jæren på reisa si frå Stavanger til Christiansand sommaren 1685. Han hadde eit stort følgje på mellom 80 og 90 mann med seg og stoppa på Hå prestegard. Derifrå rei Kongen til Sirevåg dit båten hans var komen frå Stavanger. Båtturen gjekk vidare til Egersund der Kongen overnatta. I den bevarte reiseberetninga omtalar forfattaren spesielt dei store perlene i Sør-Noreg. Kongen fekk og mange av desse i gåve, og dei var uvanleg store, heiter det <sup>(11)</sup>. Soknepresten i Hå prestegjeld på den tida (1668-1707), Peder Erikson Leganger, vart alt i samtida kalla perlepresten på Hå.

### **Kongeleg inspeksjon hos perlepresten på Hå**

Det var med andre ord ikkje utan grunn Kongen stoppa på prestegarden ved sida av Næremselva, eller Håelva som me seier no. Christian V vart den første dansk-norske kongen som reiste over Jæren. Han gjorde ikkje som farfaren, kong Christian IV i 1607, då han reiste med båten sin direkte frå Stavanger til Danmark. Kongen må ha hatt eit bevisst ønskje om å reisa over Jæren. Var det kontrollen med perlefangsten som drog han dit?

Svaret får me ved å sjå på kva som skjedde med perlefangsten etter at Kongen kom heim til København i 1685 med perlegåva si <sup>(12)</sup>. I 1682 hadde Stavanger mista bispestolen. Stavanger stift vart til Christiansand stift, og biskopen flytte til den nye byen. Etter at Kongen kom heim til København i 1685, kom turen til Stavanger by. I 1686 mista også Stavanger kjøpstadrettane sine.

Men byen fekk rettane tilbake alt i 1690. Dessutan kom det i 1691 eit nytt kongeleg direktiv om perlefangsten frå København. Frå då av skulle Stavanger-mannen Henrich Biering ha overinspeksjonen over perlefangsten i det nye Christiansand stift på vegne av Dronninga.

I 1691 fekk med andre ord Dronninga retten til all perlefangst i stiftet. Brevet frå stiftsamtmann Rosenkrands i 1684 med forslag til organisering av perlefangsten hadde truleg noko å seia her. Men kanskje var det dei fine perlene Kongen hadde med i gåve frå Noreg som overttydde kongeparet om kor verdfulle dei norske elveperlene var, og at kontrollen med perlefangsten derfor måtte skjerpast. Forordninga inneheldt nemleg også påbod om streng straff for dei som på nokon måte lurte unna perler. Folk vart også oppmuntra til spionasje og til å melda frå om folk som selde eller stakk unna perler. Men forordninga inneheldt også reglar for kor mykje pengar folk skulle få for perlene. Perlene vart grupperte i ulike prisklassar alt etter kor store dei var <sup>(13)</sup>. I 1695 kom det eit nytt kongeleg påbod om at forordninga frå 1691 skulle gjelda alle stifta i Sør-Noreg. Dei fleste elvene med perlemuslingar fanst likevel i Christiansand stift.

Peder Erikson Leganger fekk kongebesøk både i 1685 og i 1704. I 1704 drog ein ny dansk konge over Jæren, denne gongen Frederik IV. Som faren kom også han med stort følgje. Denne gongen rei Kongen over fjellet frå Egersund til Ognå, og køyrde i vogn frå Ognå til Hå. Kongen overnatta på prestegarden før han neste dag køyrde i vogn til Sandnes og gjekk om bord i båten sin der. Også dette reisemønsteret viser at Kongen



hadde eit bestemt ønskje om å besøkja "perlepresten på Hå" og prestegarden ved munninga av Håelva.

I denne samanhengen er det interessant å merka seg at dotter til Leganger var gift med den leiande politikaren i Stavanger på den tida, den velståande Cort Høyer. Høyer hadde tidlegare levert eit forslag til korleis perlefangsten burde organiserast i samband med at han sjølv gjerne ville overta perleinspektørstillinga. I forslaget gjekk han mellom anna inn for at perleinspektøren skulle ha rett til husransakingar og til å krevja eid av potensielle perleoppkjøparar. Statthaldaren, øvste representanten til Kongen i Noreg, omtala dette forslaget i rosande vendingar, men han peika på det farlege i planen til Høyer. Skulle perleinspektøren ha ein slik rett, så ville ikkje minst Høyer sjølv og familien hans, som kanskje var dei mest skuldige i ulovleg perlehandel, gå fri, medan andre ville verta stilte til ansvar. Og skulle Høyer som perleinspektør kunna krevja eid av handelsborgarar i Stavanger, ville det verta reine rettskaoset, for korkje amtmanden eller dei fleste handelsborgarane i byen ville gå fri då <sup>(14)</sup>. Dette var sterke påstandar frå Kongen sin mann i Noreg. Forslaget til Høyer vart endra, men stillinga som perleinspektør fekk han.

Innhaldet i statthaldarbrevet kan tyda på at det var ein omfattande uloveleg perlehandel i Stavanger-distriktet, og at denne handelen var organisert av dei lokale embetsmennene og handelsborgarane. Med den slektstilknyttinga prestane på Hå hadde til dei leiande familiane i Stavanger, var prestegarden ved Håvågen gjennom heile andre halvparten av 1600-talet og også

på 1700-talet truleg både sentrum for ei kongeleg næring og for ulovleg handel.

Ei tid etter at Kongen kom heim til København etter besøket i Noreg og på Hå i 1704, kom det nye direktiv om perlefangsten. I 1707 fornya han perleprivilegia for mora som no var enkjedronning. Forordninga inneheld dessutan detaljerte praktiske råd og påbod om fangsten. Det vart vidare bestemt at alle dei fire største perleelvene på Jæren; Håelva (Nærimselva), Figgjoelva, "Steenbroer-elva" og Kvassheimelva, skulle ha fire autoriserte perlefiskarar kvar. Perlefiskarane og medhjelparane deira skulle sleppa både verneplikt og skyssplikt. At Kongen lokka med slike gode, tyder på at det ikkje var populært eller lett å vera perlefiskar. Perlefiskarane kom truleg i vanskelege situasjonar der dei måtte teia om ulovleg fangst.

Eit resultat av denne kongelege forordninga vart nemleg at futen i Jæren og Dalane, Kongen sin ombodsmann i distriktet, kvart år frå hausten 1707 stilte spørsmål på dei lokale skipreide- eller bygdetinga om nokon hadde funne perler siste året, og i så fall kor mange. Dei lokale perleinspektørane og bøndene på tinget måtte gjera eid på at dei tala sant. Slik sett var det knytt stort alvor til desse årlege "perleavhøyra" på bygdetinga. Likevel svara dei aller fleste bøndene alltid at dei ikkje hadde kjennskap til funn av perler.

Ved trykt anordning av 28. mai 1718 overtok Dronninga retten til alle perler frå heile Noreg etter svigermora, den gamle enkjedronninga. Ho døydde i 1714, og Kongen hadde retten fram til 1718. Også dette kongelege skrivet inneheld både påbod om korleis



Byskrivar og perleinspektør Ulric Frideric Aagaard teikna både ein imponerende plansje over elvemuslingane sitt liv frå fødsel til alderdom (1725) og kart over perleelvene på Jæren (1728). Båe vart sende til København, og båe dokumenta finst i dag i Riksarkivet. Aagaard la vekt på å teikna inn alle perleelvene. Til høgre har han i tillegg skrive opp namna på desse elvene: Høilands Elven, Stangelands Elven, Figgen, Nærims Elven, Varhougs Elven og Ogne Elven. Då antmann B. Chr. de Fine skreiv Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse i 1745 (sjå litteraturlista), omtala han også perlefangsten på Jæren. Han rekna opp 23 elver (og åer) der ein dreiv perlefangst i 1740-åra. Heile ni av desse låg i noverande Hå kommune. Foto: Riksarkivet, Oslo.

fangsten skulle gå føre seg reint praktisk, og påbod om ulike straffemåtar for dei som lurte unna perler.

I 1721 fekk Danmark-Noreg ny dronning. Då kom ei ny forordning frå København som slo fast at dronn-

inga skulle ha fri disposisjonsrett over all perlefangst i Noreg. Men forordninga omhandla også oppsynspliktene til perleinspektøren og løna hans. Byskrivar Ulric Frideric Aagaard i Stavanger vart utnemnd til ny

perleinspektør i 1724 og fekk nye oppgåver på Jæren. Han gjekk til arbeidet med stor iver. I 1725 laga han ein fargeplansje, ein "Afteignelse udj Almindelighed Ofver Een Perle Elv udj Norge som udvjser Perleskallernis Beskaffenhed ..." og korleis perlemuslingane levde i elvene. Plansjen vart signert 13. januar 1725 og sent til styresmaktene saman med ei skriftleg beretning om tilstanden til perlefiskeriet på Jæren <sup>(15)</sup>. Resultatet vart eit nytt kongeleg reskript av 29. juni 1725 "... angaaende ett og andet som skal iagttages ved Perlefiskeriet i Norge, til Fangstens Forbetring og Opkomst". Reskriptet hadde fem omfattande paragrafar<sup>(16)</sup>. Perlefisket vart mellom anna

avgrensa til eit par dagar rundt jonsok kvart år.

I 1728 laga så Aagaard det kjende kartet til styresmaktene over perleelvene på Jæren der dei viktigaste var Håelva (Nærimselva) og Figgjoelva (sjå illustrasjon). Men sjølv om Aagaard viste ei ekte interesse for korleis fangsten skulle gå føre seg, minka det likevel på muslingar i elvene på grunn av det me i dag vil kalla rovfangst. Berre eit lite fåtal av muslingane inneheldt perler. Men fiskarane hadde ikkje lært korleis dei kunne kontrollera muslingane for eventuelle perler for så å setja dei tilbake i vatnet att utan å skada dei.

Det siste oversynet sitt over perlefangsten i Stavanger amt sette Aagaard opp i 1731 <sup>(17)</sup>. Dette året fekk han levert 908 perler frå heile Jæren. Berre kvar sjette perle var av førsteklasses kvalitet når det galdt overflateglans. Men også desse fine perlene var temmeleg små, berre 2-3 mm i diameter. Over halvparten av perlene var temmeleg mørke, og kvar sjette perle var nokså matt i glansen. Det samla pengeverdet på alle desse perlene vart derfor ikkje stort meir enn om lag 50 riksdalar. Perleinspektør Aagaard skreiv vidare at det var 13 perlefiskarar på Jæren. Om Aagaard rekna 1731 for å vera eit dårleg år, var det likevel ikkje få perler som vart leverte til han dette året. Alt var likevel ikkje som det skulle vera når størstedelen av perlene enten var for små, for mørke eller matte og utan glans.

### Det store kongebesøket på Hå – skulle dronninga redda perlebestanden?

I 1730 var det kongeskifte i København. Den nye dronninga, Sophie Magdalene, overtok ved Conces-



Kopi av den trykte Concessionen datert 5. januar 1731 der Kong Christian VI gav dronning Sophie Magdalene fri disposisjonsrett over perlefangsten i Noreg etter kongeskiftet i 1730.

Sophie Magdalene vart i 1733 den første og einaste dansk-norske dronninga som besøkte Noreg, og den einaste dronninga som var på Hå prestegard før det norske kongeparet kom dit 5. juni 1995. Dronninga viste også omsorg for den gamle danske smykkeskatten ved at ho personleg registrerte alle smykkene, og ved at ho bestemte gjennom testamentet sitt at smykkene skulle bevarast som udeleleg samling.

Foto: Amtmannsarkivet, Statsarkivet i Stavanger.



*"Haa prestegaard fra bakken 24.7.1894", skreiv John Landstad om dette fotografet som viser prestegardshusa bygde etter brannen i 1787. Då kong Christian VI og dronning Sophie Magdalene overnatta med det store følget sitt på prestegarden 19. august 1733, var det i andre bygningar enn me ser her. Den første prestegarden på Hå brann ned i desember 1721. Dermed var det nye prestegardshus på Hå då kongeparet kom dit sommaren 1733.*

*Foto: John Landstad. Fotoarkivet Hå folkebibliotek.*

sion datert 5. januar 1731 fri disposisjon over perlefangsten i Noreg. Om dronninga var oppriktig interessert i perlene frå Noreg, veit me ikkje. Ho var i alle fall interessert i smykkene sine <sup>(18)</sup>. Dessutan var både ho og Kongen, Christian VI, kjende for ein luksuriøs livs-

førsel. Bevarte maleri av kongeparet viser at diamantar eller brilliantar (kanskje også glasperler?) vart brukte til utsmykking av festdraktene då rokkokomoten rådde utover på 1700-talet.

I 1733 kom likevel Dronninga i eigen majestet opp

## Ulike perletypar

Ekte perler er eit organisk produkt i motsetning til edelsteinar og edelt metall. Ordet perle kjem frå det latinske ordet *perula* med ukjent opphav.

Muslingen som produserer perlene, har slektsnamnet *Margaritifera*. Det finst to typar perlemuslingar; muslingar som lever i saltvatn (hav) og muslingar som lever i ferskvatn (elver). Desse hovudgruppene produserer dessutan fleire typar perler, både når det gjeld form og farge. Ulike geografiske område og vekstmiljø har mykje å seia her. Alle perler har likevel same opphavet: Ei perle er resultatet av ein skadetilstand inne i muslingen, og som muslingen vil forsvara seg mot.

Framveksten av ei perle skjer som ein langvarig prosess etter at ein framandlekam (sandkorn eller ein annan liten partikkel) har kome inn i ein musling. I slike tilfelle produserer muslingen perlemor rundt framandlekamen slik at denne ikkje skal irritera kjøtet. Perlemorskalet vert etter kvart sterkare og får gjerne ei rund form.

Omgrepet orientalske perler tyder at perlene er ekte og produkt av ein musling frå slekta *Margaritifera*. Den karakteristiske glansen i perlene vert på fagspråket kalla perlene sin orient. Namnet orientalske perler er knytta til perler frå havmuslingar langs kysten rundt Kina, Japan og andre stader rundt Stillehavet, Det

indiske havet, og også langs Mexico-golfen og Persiabukta.

Ferskvassperler, søtvattenperler (Sverige), flodperler eller elveperler kjem frå muslingen *Margaritana margaritifera*. Desse perlene har ein mattare, meir mjølkeaktig glans enn dei orientalske perlene. Perlemuslingen finst først og fremst i Skottland, Noreg, Sverige, Tyskland, i dei nordre delane av Russland, i Canada og i visse amerikanske elver. Denne elvemuslingen trivst i reint, kaldt, næringsfattig og kalkfattig vatn. Muslingane er litt større enn blåskjell og mørke i skalet. Dei kan verta svært gamle, faktisk over hundre år. Muslingane lever på botnen av elva og med framenden nedgraven i sanden eller elvegrusen. Mat og oksygen får muslingen ved å pumpa vatn gjennom seg. I 1992 kom elvemuslingen på FN (Unesco) si verneliste over utryddingstruga dyreartar.

Tidleg tok ein også til å dyrka perler i Østen, både havperler og ferskvassperler eller Biwaperler etter innsjøen Biwa i Japan. Dette gjorde ein ved å plassera ein liten framandlekam inn i muslingen. Slike perler kallast kulturperler. Det var lenge vanskeleg å få til runde perler. I 1924 kom dei første kulturperlene frå Østen til Europa. I dag finst det også ein stor marknad for kunstige eller syntetiske perler.



Foto: Søren Sviland

til Noreg saman med Kongen, mor si og eit stort følgje. Den tre månader lange turen frå Moss til Trondheim og nedover langs Vestlands-kysten til Larvik var temmeleg strabasiøs. Kanskje ville dronninga sjå med eigne augo korleis det stod til med perlefangsten i dei norske elvene. I alle vassdraga på Jæren hadde det vore ei omfattande leiting etter perler dei første tiåra av 1700-talet. Dette hadde gått sterkt ut over muslingbestanden, noko byskrivar og perleinspektør Aagaard ved fleire høve hadde rapportert om (sjå ovanom). Kanskje ville kongeparet setja i verk ulike krisetiltak etter at dei ved sjølvsyn hadde sett på situasjonen i Noreg.

Også i 1733 ønskte Kongen å koma til Hå. Kongeparet overnatta på prestegarden 19. august. Morgonen etter tok dei seg fram over land med hest og i bærestolar til båten i Sirevåg. Derifrå sigla dei til Hidra for overnatting i gjestgjevargarden der den 20. august før dei sette kursen mot Larvik og starta på heimturen derifrå.

Resultatet av kongebesøket i 1733 viste seg raskt når det galdt perlefangsten. Kongeparet kom heim til København i slutten av august, og alt i oktober 1733 sende dronninga eit direktiv til Noreg om mellombels freding av perlemuslingane. Året etter vart ein ekspert tilkalla frå Sachsen i Tyskland for å læra norske perlefiskarar korleis dei kunne opna muslingen for å sjå om det var perler inni, utan å skada eller drepa muslingen, slik at muslingen kunne setjast ut i vatnet att etterpå. Den tyske eksperten var ved fleire elvar på Jæren og på Lista. Men heller ikkje dette tiltaket var



*Sundag 5. juni 1995 kom for første gong eit norsk kongepar på besøk til den gamle prestegarden på Hå. Sjølv om prestegarden no er eit kultursenter, fekk dronninga ei perlegåve, som kong Christian V i 1685. Perlene i kjedet kom likevel ikkje direkte frå Håelva, men frå gullsmedverkstaden. Alle elvemuslingar vart nemleg freda tre år tidlegare, i 1992.*

*Fotografiet viser Kong Harald i samtale med Mons Bjorland, dåverande leiar av kulturstyret i Hå. Bak går frå venstre dronning Sonja, Eva Watne ved Hå gamle prestegard, fylkesmann Tora Aasland og biskop Bjørn Bue. Foto: Hå gamle prestegard.*

tilstrekkeleg til å halda bestanden på same nivå som tidlegare.

Sjølv om nye kunnskapar på dette området førte til at bøndene for lempelegare fram med muslingane, minka bestanden. Dei offentleg tilsette perlefiskarane fekk mindre og mindre å gjera, og det var ikkje mange av dei i andre halvparten av 1700-talet <sup>(19)</sup>. Utover på 1700-talet kom det derfor fleire forslag om mellombels fredingar, slik at bestanden kunne ta seg opp att. Det

gjekk den andre vegen. Resultatet vart at heile statsapparatet knytta til perlefangsten vart trappa kraftig ned. Dronninga skulle framleis ha einereitt til kjøp av alle perler og inntektene frå straffebøter når nokon vart dømde for tjuvfiske. I 1768 vart likevel perlefangsten pakta bort til private, vanlegvis for fem år om gongen. Dronninga hadde nok ikkje tent så mykje på dei ulike vernetiltaka utover på 1700-talet.

### **Det kongelege apparatet vert nedlagt**

I Noreg var perleelvene på det næraste utfiska. Dei private paktarane tente truleg ikkje mykje på denne ordninga. I 1791 gjorde styresmaktene heilomvending. Frå då av skulle futane som Kongen sine representantar i distrikta, sjå etter fangsten og senda dei perlene folk fann, til Dronninga i København.

Det var ikkje mange perler som fann vegen dit i 1790-åra. Påbodet vart likevel ståande ved lag på papi-ret, også etter at Danmark og Noreg skilde lag i 1814. Først i 1845 vart denne "papirbestemmelsen" fjerna. Grunneigarane fekk då retten til perlene.

Utover på 1800-talet tok muslingbestanden seg opp att. Nokre grunneigarar leigde bort rettane sine, eller let framande fanga muslingar. Perlefangsten representerte nok ei kjærkomen pengeinntekt på fleire gardar, men omfanget av denne fangsten må likevel ikkje overdrivast.

Muslingbestanden kom nok aldri opp att på det nivået han hadde før 1730. Nede på Hå kunne ikkje prestane på 1800-talet rekna med perlefangst som ei god inntektskjelde. Gjennom heile 1800-talet var det

nok laksen som hadde mest å seia, både på prestegarden og på andre gardar langs Håelva.

Det er ikkje kjent i dag korleis handelen med perler skjedde på 1800-talet. Bøndene hadde nok perler med seg for sal til gullsmedar når dei reiste til Stavanger. Gullsmedar i Oslo hadde kanskje også kontakt med "perlebønder" på Jæren <sup>(20)</sup>. Kanskje reiste også organiserte oppkjøparar kringom på gardane langs Håelva og andre perleelver på Jæren.

### **Oppsummering - Håelva og prestegarden som brikker i eit handelspolitisk spel?**

På fleire gardar langs Håelva finst det enno levande tradisjon om perlefangsten tidleg på 1900-talet. Perlefangsten i tida etter 1845 er også eit interessant kapittel i saga om denne spesielle næringa på Jæren. På dette området manglar det ei systematisk innsamling av både skriftleg og munnleg tradisjonsmateriale.

Alle brikker i det eldste kapitlet om perlefangsten i Hå på 1600- og 1700-talet er heller ikkje på plass enno. Ei nøye gransking av dokument, særleg rekneskapsmateriale i både det danske og det norske riksarkivet, vil kasta betre lys over Hå prestegard som sentrum både for ein offisiell perlehandel med Dronninga, og kanskje også med prestegarden som sentrum for ein meir løynd handel med handelsborgarar og embetsmenn i Stavanger. Ny forking viser også at mange embetsmenn i dansketida var såkalla kombinasjonsbrukarar. Dei dreiv nemleg ofte næringsverksemd, gjerne handel og kjøpmannskap, ved sida av å vera Kongen sine embetsmenn <sup>(21)</sup>.

I denne samanhengen står særleg prestedtida til perlepresten Leganger på Hå i eit spanande lys. Tre kongebesøk og familieband til perleinspektøren og handelsborgaren Cort Høyer var truleg med på å plassera soknepresten og Hå prestegard i eit handelspolitisk sentrum på 1600-talet og i første delen av 1700-talet. Dette var i ei tid då kongelege kledemotar kravde mange perler. På dette området spela Hå prestegard og prestane ei rolle. Kor sentral denne var, veit me ikkje enno.

#### Notar:

1. Det finst få forskingsarbeid i Skandinavia omkring perlefangsten og om kva inntektene frå perlefangsten i Noreg hadde å seia for det dansk-norske kongehuset på 1600- og 1700-talet. I 1890 publiserte professor Absalon Taranger artikkelen *De norske perlefiskerier i eldre tid* i Norsk Historisk Tidsskrift.

Arkivar Hege Brit Randsborg ved Riksarkivet har dei siste åra samla kjeldestoff til ein ny, vitenskapleg presentasjon av perlefangsten. Ho har undersøkt heile det trykte lovverket med alle kongelege forordningar. Vidare har ho undersøkt Kristiansand stiftamtmannsarkiv, rekneskapsmateriale, dødsbuskiftmateriale etter danske dronningar og etter dei som pakta perlefangsten i Noreg i åra 1768-1790 og anna aktuelt kjeldemateriale i det danske og det norske Riksarkivet. Randsborg er mellom anna oppteken av å finna ut kor mykje perlefangsten hadde å seia økonomisk for det danske kongehuset (omfang og bruk av perler).

Her på Jæren har bygdebokforfattar Birger Lindanger sett på perlefangsten i Klepp prestegjeld under arbeidet

med bygdesoga for Klepp kommune. Sjå litteraturlista, 1990, side 295-298.

2. Sjå R. A. Haaland si avskrift av dødsbuskiftet i årsheftet til Rogaland Historielag, 1928 og Risa, Lisabet, 1998, s. 14-15.
3. Maleriet frå 1648 heng på Rosenborg Slot i København. Bergen Billedgalleri har Elias Fiigenschoug sin kopi av maleriet frå 1656.
4. Sjå Taranger, A., 1890, s. 187.
5. I Noreg var Herredagen ei utval av det danske riksrådet som med kongeleg løyve fungerte som norsk høgsterett før den norske Overhoffretten vart etablert i 1667. Når Kongen var på besøk i Noreg, var han leiar for Herredagen. For opplysningar om Herredagen i Stavanger 1607, sjå Elgvin, J., 1956, s. 71.
6. Forfattaren har tidlegare undersøkt aktuelle seriar i Stavanger lensarkiv (1569-1680), tingbøkene for Jæren og Dalane sorenskrivarembete 1613-1735, kopibøkene til fogden i Jæren og Dalane for åra 1721-1731 og ulike seriar i amtmannsarkivet, som Korrespondanse om m.a. perlefisket 1695-1797 (sjå katalogen til amtmannsarkivet, side 21, CX 5). Forfattaren har vidare undersøkt stad- og sakregistra i dei trykte kjeldeseriane Norske Kongebrev for 1680- og 1690-åra og Norske Herredagsombøker (Oslo 1976).
7. Jæren og Dalane sorenskrivarembete, tingbok for året 1684, fol. 63b.
8. Det nøyaktige året for når presteparet flytte frå Bø til Hå er ikkje kjent enno. Det går fram av tingbøkene at presteparet i alle fall budde på Hå i 1623 (målstemne 25. juni 1623 der presten var ein av partane).



9. Sjø Taranger, A, 1890, s. 197- og Elgvin, J., 1956, s. 171-180.
10. Sjø Taranger, A, 1890, s. 191-192.
11. Jamfør Elgvin, J., 1956, s. 182 og Yngvar Nielsen si avskrift av ei anonym reiseberetning frå kongeferda i 1685 i tidsskriftet Vidar (1889).
12. Dei danske kronjuvelane består mellom anna av fire store smykkesett. Det eine, det såkalla perle-garnituret, har mellom anna eit halskjede med 19 store perler. Perlene har tilhøyrt dronning Charlotte Amalie, kona til Christian V. Det var denne kongen som fekk ei samling uvanleg store perler med seg til Danmark då han besøkte Noreg i 1685. Opphavet til perlene i halskjedet er ikkje kjent i dag, men dei er dei eldste perlene i samlinga av danske kronjuvelar.
- Preben Mellbye-Hansen ved Rosenborg Slot er ekspert på dei danske kronjuvelane. I boka *De danske kronjuveler* (sjå litteraturlista) skriv han om perlekjedet "*med 19 usædvanligt store orientalske perler, Kronens ældste juvel, hvis historie rækker 300 år tilbage*" (sjå litteraturlista, 1990, side 12). På side 179 i same boka viser han til kva som står om kjedet i *Overleveringsprotokol 1858. Dronningens Juveler. B.: "Et collier af store skotske perler ..."*.
- Opphavet til dei 19 perlene er med andre ord usikkert. Kanskje kom perlene likeså vel frå Noreg, i 1685 eller tidlegare. Me skulle tru ekspertar i dag kan slå fast om perlene er elveperler (ferskvatn) eller orientalske perler (saltvatn).
13. Sjø Taranger, A., 1890, s. 194-195. 14. Sjø Taranger, A., 1890, s. 197-205. 15. Sjø Taranger, A., 1890, s. 218- og 224-226.
16. Sjø Taranger, A., 1890, s. 221-224.
17. Sjø Lindanger, B. 1990, s. 298.
18. Dronning Sophie Magdalene redda truleg både dei eldste perlene og andre av dei eldste smykkene i samlinga av danske kronjuvelar. I 1746 registrerte ho smykkesamlinga si og bestemte ved testamentet at samlinga for framtida ikkje skulle splittast ved arv men for alltid følgja den danske Kongen til bruk for danske dronningar.
19. I manntalet frå 1758 er nokre ganske få menn omtala som perlefiskarar, som den 15 år gamle Sven Jonson på Reiestad i Varhaug. Kyrkjebøkene har også spreidd opplysningar om menn som var perlefiskarar. Kyrkjeboka for Egersund prestegjeld (Ogna sokn) opplyser for eksempel at "Lars i Roligheden" hadde yrket perlefiskar då sonen Ole vart døpt i 1769. Plassen Roligheden låg under garden Friestad ved Kvasshemsåa.
20. Sjø Taranger, A., 1890, s. 235-237 (samtalet hans med gullsmed Thostrup om jærperler).
21. Rian, Ø., 2003.

### Litteratur:

- de Fine, Bendix Chr.: Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse (København 1745. Ny utgåve ved Per Thorson, Stavanger 1952 og ved Målfrid Grimstvedt, Stavanger 1987).
- Edland, Torgeir: Gards- og ættesoga for Nærbø (Hå kommune 1971).
- Elgvin, Johannes: En by i kamp. Stavanger bys historie 1536-1814 (Stavanger 1956).
- Jensen, Bjarne Steen: Juvelerne i det danske kongehus (København 2001).
- Jonasen, Johan: Perlefiskeri på Jæren 1665-1800 (artikk-

kel i årboka Ætt og Heim 1971).

Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fleire oppslag på perler.

Lindanger, Birger: Klepp. Bygdesoge til 1837 (Klepp kommune 1990).

Mellbye-Hansen, Preben: De Danske Kronjuveler (København 1990).

Rian, Øystein: Embetsstanden i dansketida (Oslo 2003).

Ribbing, Magdalene: Smyckebogen (Bokforlaget DN, Sverige 2000).

Randsborg, Hege Britt: Upublisert manuskript om perlefangsten i Noreg (foredrag i Arkivarforeninga, mai 1997).

Risa, Lisabet: Då danskedronninga smykka seg med perler frå Hå (artikkel i heftet Jærteikn, nr. 2, 1988, Hå gamle prestegard).

Risa, Lisabet: Hå gamle prestegard 1737-1989 (Driftsstyret for Hå gamle prestegard 1989).

Risa, Lisabet: Mellom nye moteimpulsar og gamle klesskikkar. Kjelder til drakthistoria på Jæren og i Dalane i eldre tid. Artikkel i boka Då moten kom ... - Frå vadmål til mikrofiber (Hå gamle prestegard 1998).

Taranger, Absalon: De norske perlefiskerier i eldre tid (artikkel i Norsk Historisk Tidsskrift, 3. Række, bd 1, 1890).

Tiltnes, Hjørdis Ånestad: Perler og glans (artikkel i Stavanger Aftenblad 29. mars 2003).

Undheim, Reidun Gudmestad: Danskedronninga sine perler frå Hå (artikkel i Stavanger Aftenblad 3. januar 2002).